



Når juristar avgjer kva elva skal heite, vart det berre tull.

Populisme

Når du kjem inn tor landing på Kjevik ved Kristiansand, ser du ned på ein fjord og ei elv som flyt ut i fjorden.

Kva skal fjorden heita? Kva skal elva heita? Dèt har det stått heit strid om dei par siste åra. Er det Topdalselva eller Tovdalselva, er det Topdalsfjorden eller Tovdalsfjorden?

Når det gjeld den same elva lenger inne i landet, til dømes i Åmli, er alle vel forlikte – vassdraget heiter Tovdalselva. Men når elva kjem til kysten, blir det altså rabalder. Saka har vore til Kartverket og til klagenemnda for stadnamn, som sorterer under Språkrådet. Siste ord i saka vart sagt den 5. juni i år.

Då vart det bestemt at fjorden skal heita Topdalsfjorden, medan elva inne i landet skal heita Tovdalselva. For den nedste delen, der elva munnar ut i fjorden, skal namnet vera Tovdalselva eller Topdalselva – begge skrivemåtene skal vera likestilte.

Viss du tykkjer løysinga vitnar meir om forhandling

enn om fag, trur du rett. Men så er heller ikkje leiaren i klagenemnda namnespesialist; vedkomande er jurist.

Slår me opp i stadnamnleksikonet, står det kort og turt at heile vassdraget heiter Tovdalselva. Uttale med f, Tofdalselva, er det vanlege nede ved kysten. Norrønt *tōfa* tyder svulma eller svella. Strikkeentusiastar kjenner *tova* eller *tøva*, brukt om å bløyta opp vottar og labbar slik at dei tjuknar. Vassdraget betyr altså «flaum-elv», ho svulmar til tider.

Kvifor då Topdalselva og Topdalsfjorden? Svaret er at slik har dei skrive namnet i fire hundre år i Kristiansand. Då må vel dèt halda! Meiner mange der. Vel, dette er gamal dansk skrivemåte, brukt i unionstida med Danmark. Men historisk sett ein feil skrivemåte. Uttalen i indre bygder har støtt vore



KJÆR ELV: Har mange namn. Tovdalselva ved Slettene bru.

Tovdal. Gjeldande stadnamnlov slår fast at det er «den nedervde uttalen som skal liggja til grunn for skrivemåten».

No er saka altså avgjort, etter siste klagerunden i juni, ei avgjerd meir prega av kompromissånd enn av det namneforskarar seier er historisk korrekt. Ein tvilsam praksis. Fastsetjing

av namn burde vera fagleg, ikkje skjønnsmessig fundert. Men det er eit faktum at ferske forslag frå Frp og Høgre om endringar i stadnamnlova no svekkjer det faglege som instans.

Høgre plar jo elles halda den faglege kvalitetsfana høgt. (Seier dei.) I arbeidet med stadnamnlova er populisme det røynlige ordet.

Inne på Kjevik flyplass møter du humor. Der har ei tid dette skiltet møtt dei reisande: «DU HAR SØRLANDET».

«Viss du tykkjer løysinga vitnar meir om forhandling enn om fag, trur du rett»